

Tildelingsreglement

Dette reglementet gjeld tildeling av hyblar, 1-roms husvære og familiehusvære på Studentheimane.

1. Husværa kan tildelast studentar tilknytt Studentsamskipnaden i Volda.

Husvære som står tome kan tildelast andre.

2. Tildeling av husvære blir gjort av bustadavdelinga i SiVOLDA.

3. Det er to hovudtildelingar i året:

Søknadsfrist 15. april for studentar som bur i ein SiVOLDA bustad

Søknadsfrist 1. juni for andre studentar

Kontraktstart for hovudtildelingane er 1. august

For reserverte hyblar til utanlandske studentar er kontraktstart 1. august og/eller 1. januar.

SfS praktiserer fortløpande tildelingar frå 1. august til 1. juni for studentar som ønskjer å flytte inn i ledige bustader.

4. Ved opptaket 1. juni skal fortrinnsvis 60 % av ledige bustader tildelast nye studentar.

5. Opptaksreglar

Opptak 15. april

Dette opptaket gjeld for studentar som er leigebuarar hos SfS i inneverande studieår og ønskjer å søkje ny kontrakt på same bustad eller ny bustad på studentheimane. Noverande studieplass må dokumenterast ved innlevering av søknad. Studenten må innan 31.07 også dokumentere at han har studieplass komande studieår.

Opptak 1. juni

Opptak for nye studentar

Studenten må innan 31.07. dokumentere at han har studieplass komande studieår.

6. Tildeling

Hyblar/ 1-roms husvære:

Tildeling skjer ved loddtrekning.

Familiehusvære:

Med familiehusvære reknar ein 2-roms og 3-roms husvære med eige kjøkken.

Tildeling skjer i prioritert rekkefølge (loddtrekning om nokon står likt):

Små 2-roms familiehusvære (32 m2):

1. Par der begge er studentar

Store 2-roms husvære:

1. Einslege med barn.
2. Par der begge er studentar, evt. med barn.
3. Par der eine er student.

3-roms husvære:

1. Par med barn der begge er studentar.
2. Par med barn der eine er student.
3. Einslege med barn.

Loddtrekning dersom nokon står likt. Prioritet for kvart barn. Dersom tal på familiemedlemmar og alder på barn tilseier det, kan ein overstyre prioriteringa.

7. Søkjarar som meiner dei har spesielle grunnar for å bli prioriterte framfor andre søkjarar, må legge ved dokumentasjon på dette.

8. Søkjarar som tidlegare har budd på Studentheimane og sagt opp slik at kontrakt går ut i inneverande semester, kan søkje på nytt for neste semester. Søknaden vert ikkje handsama før etter 1.juli, og søkjar står sist i køa for ny tildeling.

9. Alle som handsamar søknadene etter dette reglementet har teieplikt om alle fortrulege opplysningar dei får kjennskap til under sakshandsaminga.

10. SiVOLDA har rett til å kontrollere dei opplysningane som blir gitt i søknaden. Urette eller mangelfulle opplysningar kan medføre at søknaden ikkje blir handsama og/ eller at kontrakt kan bli heva.

11. Tildelingsreglementet gjeld frå 1. mars 2015.